



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Strategi for kompetanseutvikling 2014-2018

Kompetanseutvikling og kvalitet i opplæringa

Etter opplæringslova (§10-8) har skoleeigar ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skolelejarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

I arbeidsgivarpolitikken er det eit hovudmål for Møre og Romsdal fylkeskommune å vere ein organisasjon med tydeleg kultur for læring, der leiarar og medarbeidarar viser vilje til kontinuerleg utvikling og refleksjon over eigen praksis. Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid er ein del av kjerneverksemda i Møre og Romsdal fylke, og er ein kontinuerleg prosess.

Kompetanseutvikling av dei tilsette er den viktigaste innsatsfaktoren for at elevar og lærlingar i den vidaregåande opplæringa får ei opplæring med høg kvalitet og relevans til arbeidsliv og studiar. For å ivareta alle funksjonar er det viktig at utdanningssektoren har medarbeidarar med kompetanse til å kunne oppfylle dei kvalitetskrava som vert sett til drift og administrasjon av skolane. Fylkesutdanningssjefen legg difor stor vekt på at flest mogleg av dei tilsette i vidaregåande opplæring deltek i kompetanseutviklande tiltak.

Ein legg til grunn ein vid definisjon av kompetanseutviklande tiltak, slik at dette ikkje er avgrensa til kurs med eller utan studiepoeng. Ulike opplegg for erfaringsutveksling og refleksjon over eigen praksis på den enkelte skole, og mellom skolane er viktig for å utvikle kompetansen til den enkelte og kompetansen i organisasjonen.

For at ein skal kunne planleggje kompetansetiltak som kjem både verksemda og den tilsette til gode, er det ein føresetnad at verksemdene har ei klår oppfatning av kompetansebehovet sitt. For at ein skal kunne arbeide systematisk med kompetanseutvikling, er det nødvendig at verksemdene har gjennomført kompetansekartlegging av alle tilsette.

For å rekruttere og behalde nytilsette lærarar er det nødvendig for skolane at dei har ein kompetansestrategi som grunnlag for systematisk kompetanseutvikling og eit introduksjonsprogram for den nytilsette læraren.

Ein viser til ytterlegare informasjon om fylket sin arbeidsgivarpolitikk og system for nyrekruttering og kompetansehevingstiltak på Møre og Romsdal fylkeskommune sine heimesider:
<http://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR>

Oppgåve- og ansvarsdeling mellom skoleeigar og skolane

Strategidokumentet for kompetanseutvikling er forankra i dei 8 resultatmåla i «Fylkesplanen – Handlingsplan for kompetanse 2014» og i dei 4 styringsområda i «Plan for arbeid med kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2014-2018»

Skoleeigar skal:

- Formidle og konkretisere elementa i ein heilskapeleg strategi for kompetanseutvikling overfor skolane.
-

- Koordinere kompetanseutviklingstiltak ut over det som skjer ved den enkelte skole.
- Drive kontinuerleg rettleiing overfor skolane.
- Tildele øyremerka kompetanseutviklingsmidlar til skolane.

Skolane skal:

- Ha eit system for kompetanseplanlegging med kartlegging av kompetanse og kompetansebehov, der leiarar med personalansvar kvart år før medarbeidersamtalane skal ha gjennomført dialogen [«Kompetanse og rekrutteringssjekken»](#)
- Stimulere og legge til rette for kompetanseheving
- Legge vekt på refleksjon over eigen praksis.
- Kontinuerlig arbeide for å vidareutvikle organisasjonen gjennom skoleutvikling.
- Vere bevisst verdien av kunnskapsdeling.
- Rapportere på kompetanseutviklingstiltak

Vidareutdanning

Vidareutdanning er kompetansegivande utdanning med studiepoeng.

Skoleeigar vil særleg ha fokus på vidareutdanning som er overgripande som t.d.;

1. Skoleleiing
2. Utvikling av den digitale kompetansen i organisasjonen
3. Oppfølgingstenesten
4. Karriere- og rådgivingstenesten
5. Kompetanseheving innafør opplæring av minoritetspråklege – Andrespråkspedagogikk

Gjennom *“Kompetanse for kvalitet–strategi for vidareutdanning”* har staten lagt til rette for vidareutdanning med tilgang til frie studieplassar i ei rekkje fag. Det ligg som ein føresetnad at dei lærarane som deltek i denne vidareutdanninga vert frigjort frå delar av sine ordinære oppgåver. Staten dekkjer 75 % av vikarkostnadene (kr. 225 000 per 30 stp) til skoleeigarar som har fått tildelt studieplassar i matematikk og naturfag, eller 60 % av vikarkostnadene (kr 180.000 per 30 stp) i alle andre fag. I matematikk og naturfag er studiet fullfinansiert av staten, medan skoleeigar dekkjer 15 % (kr. 45 000) i alle andre fag. Resten (25 %) dekkjast av den tilsette (bruk av eiga tid). Ei ny studieordning – Stipendordninga – er innført som et supplement dette året. Ordninga er først og fremst tenkt for dei som vil studere matematikk og naturfag, samt andre relaterte realfag. Staten yter her eit stipend til læraren på kr 100.000,- per 30 stp. Lærar som mottar stipend er venta å arbeide full stilling under studiane, men kan avtale med skoleleiinga om å bruke delar av stipendet til frikjøp av tid. Skoleeigar dekkjer dessutan kr 20.000 per lærar i kostnader knytt til reise, opphald og læremiddel i alle ordningane.

Møre og Romsdal fylkeskommune har dei to siste åra hatt kring 20 deltakarar på dei statlege vidareutdanningstilboda. Talet for komande skoleår er auka til 40 på grunn av stor søknad. Det blir skoleeigar saman med skolane som prioriterer kven som skal få tilbod om vidareutdanning innafør dei statlege ordningane.

For skoleleiarane er det oppretta eit statleg tilbod gjennom «Rektorutdanninga». Møre og Romsdal fylke har òg eit desentralisert tilbod for skoleleiarar gjennom fylkesakademiet – LUP (Leiarutviklingsprogrammet) i samarbeid med høgskulen i Volda. For skoleåret 2014-2015 har 3 skoleleiarar søkt rektorutdanninga.

Etterutdanning

Skoleeigar vil ha særleg fokus på følgjande område når det gjeld etterutdanning:

1. Organisasjons- og skoleutvikling – Herunder bruk av PULS og Vokal som prosess- og analyseverktøy og skolebasert vurdering for å utvikle og byggje opp skolen til ein lærande organisasjon
2. Vidareføring av Ny Giv satsinga
 - Kurs i grunnleggjande ferdigheiter – Lesing, skriving og rekning
 - FYR-satsinga – Fellesfag, yrkesretting og relevans
3. Vurdering for læring – Med spesielt fokus på elevvurdering og elevmedverknad i vurderingsprosesser og formativ vurdering
4. Klasseleiing og relasjonar i skolen
5. Læringsmiljø
6. Fag- og yrkesopplæringa
 - Vidareføring av hospiteringsprosjektet
 - Vurdering og rettleiingskurs for instruktørar og prøvenemnder
 - Internasjonalisering i fagopplæringa
 - Etablere entreprenørskapsløype

Desse områda er i samsvar med dei nasjonale prioriteringane, fylkesplanen og kvalitetsplanen. Arbeid mot fråfall vil også vere eit sentralt tema på tvers av dei ulike etterutdanningsområda.

Til å gjennomføre fagleg etterutdanning har ein brukt fagnettverka. Dette vil ein halde fram med. Dei faglege nettverka har oversyn over kompetansebehov i sine fag og kan gjere prioriteringar når det gjeld faglege etterutdanningstilbod. Ein set av midlar slik at nettverka sine etterutdanningstilbod vert finansiert.

Hovudområde for fagnettverka vil vere:

1. Vere eit rådgjevande organ for skoleeigar i faglege og fagdidaktiske spørsmål og ved endringar i lovverk og forskrifter
2. Fagleg etterutdanning og kompetanseutvikling av faglærarar, faglege leiarar og instruktørar i bedriftene
3. Variert bruk av læremiddel i faga – herunder utvikling i bruken av digital kompetanse og digitale læringsressursar
4. Vurdering
5. Samarbeid med bedriftene om utvikling av kvalitet i programfaga
6. Vidareutvikling av faget prosjekt til fordjuping (PTF):
 - Tettare og betre samarbeid med bedriftene med tanke på å etablere fleire praksisplassar og læreplassar i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma og auke antal dagar elevane er plassert ut i bedrift
 - Ha fokus på den moglegheita elevane har til skaffe seg lærekontrakt eller opplæringskontrakt som lærekandidatar i løpet av den perioden dei har opplæring i bedrift
 - Ha fokus på betre yrkes- og karriererådgiving i samarbeid med bedrifter og bransjar i ungdomsskolane og dei vidaregåande skolane

Sentrale tiltak innfor kompetanseheving

Skoleeigar har ansvar for å leggje til rette og gjennomføre kompetansegivande tiltak innfor område som er overgripande for alle skolane. Det vil ein gjere ved å gjennomføre konferansar, seminar og samlingar for ulike grupper innfor vidaregåande opplæring, m.a. skoleleiarsamlingar, årleg felles rådgivingskonferanse for ungdomsskole og vidaregåande skole og andre konferansar med overgripande tema.

Ein må difor sette av sentrale midlar til kompetansehevingstiltak innfor område som t.d. rådgiving, karriererettleiing, organisasjons- og skoleutvikling og skoleleiing.

Ein vil bruke ressurspersonar frå universitets- og høgskolesektoren både i høve leiarsamlinga og i andre samanhengar når ein arbeider med sentrale område innfor utdanning. Det er viktig at forskingsbasert kunnskap ligg til grunn for skoleutviklinga i fylket. For å sikre tilgang på kompetanse har ein inngått partnarskapsavtalar med høgskole- og universitetssystemet.

Kompetanseheving for aktørar i fag- og yrkesopplæringa

Møre og Romsdal fylkeskommune sine prioriterte område for fag- og yrkesopplæringa er:

- Læreplanforståing, vurdering og rettleiing for instruktørar og prøvenemnder
- Overgangen frå skole til opplæring i bedrift
- Prosjekt til fordjuping – eit felles ansvar for skole og arbeidsliv
- Hospiteringsordningar skole og arbeidsliv
- Internasjonalisering i fagopplæringa
- Etablering av entreprenørskapsløype

For å utvikle kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa er samanhengen og forståinga av læreplanane frå vg1 og vg2 med opplæring i skole og til vg3 med opplæring i arbeidslivet viktig for alle dei som er ansvarleg for opplæring. Koplinga mellom skole og arbeidsliv som prosjekt til fordjuping legg til rette for, er ein viktig faktor i samanhengen og overgangen frå opplæring i skole til opplæring i arbeidslivet. Aktørane i fag- og yrkesopplæringa omfattar yrkesfaglærarar, instruktørar og faglege leiarar, prøvenemnder og opplæringskontor. Dette er svært store målgrupper og ei krevjande oppgåve å gjennomføre etterutdanning for.

Etterutdanninga innfor fag- og yrkesopplæringa er difor utfordrande og krevjande sidan den skal omfatte både lærarar og tilsette i arbeidslivet med ansvar for opplæring av lærlingar. Det er difor viktig at desse målgruppene og kan ha ein felles arena for etterutdanning. Møre og Romsdal fylkeskommune har difor lagt til rette for at dette kan skje i regi av dei yrkesfaglege nettverka. Mandatteksta til nettverket er endra slik at ein i dag har eit tre parts-samarbeid mellom skolane, opplæringskontora og/eller bedrifter og fagopplæringa på fylket.

For å sikre ein god vurderingspraksis vidarefører ein etterutdanninga for prøvenemndene med vikt på læreplanforståing og vurdering. Eit viktig element i etterutdanninga er og å delta på tilbod om etterutdanningstiltak som vert gjennomført nasjonalt og innfor lærefag der ein legg til rette for spesielle kompetansetiltak for prøvenemndene.

Å stimulere til samhandling mellom skole og arbeidsliv er særst viktig for å sikre gode overgonger i opplæringsløpet. Å sette i verk tiltak slik at yrkesfaglærarar, instruktørar og faglege leiarar kan møtast på ein felles arena med kompetanseutvikling innfor fag, læreplanar, rettleiing og metodikk og vurdering er svært viktig. Eit utgangspunkt som ein vil leggje til rette for er innfor prosjekt til fordjuping og tidleg formidling og fleksible ordningar, mellom anna lærekandidatordninga.

For å samordne tiltak, utvikle kompetanse og strategiar for å sikre overgangen frå opplæring i skole til opplæring i arbeidslivet, vert det gjennomført samlingar for opplæringskontora og tilsette i utdanningsavdelinga for felles kompetanseutvikling. Dette er svært nyttige læringsarenaer som ein vil prioritere også framover.

Møre og Romsdal fylkeskommune deltek i vidareføringa av hospiteringsordningar mellom skole og arbeidslivet. Vidareføringa tek sikte på at hospitering skal gå frå å vere ei utprøving i åra 2013-2015, til ei varig ordning som skal vere i drift på alle skolane frå skoleåret 2015-2016. Utdanningsdirektoratet løyver midlar til tiltak i utprøvsperioden. Ein tek sikte på at dei fleste vidaregåande skolane i fylket kan delta i forsøket fram mot 2015. Forskningsrapportar frå FAFO syner at dette er ein god etterutdanningsarena for programfaglærarar og instruktørar og faglege leiarar i bedriftene. Utdanningsdirektoratet har fleire ulike utviklingsprosjekt og ein vil prøve å sjå desse i samheng. Mellom anna så er fellesfaglærarar involverte gjennom FYR-satsinga og rådgivarar vil i denne siste fasen av prosjektet få sjansen til å hospitere ute i bedrift. Forsking viser at hospitering òg har ein del andre positive sider. Ein har fått tettare og betre kontakt mellom skolen og arbeidslivet, noko som har gjort det lettare å skaffe praksisplassar i prosjekt til fordjuping, og som igjen har ført til at bedriftene i større grad har teikna lærekontraktar med elevane. I tillegg så har dette ført til at

lærarar har fått større kjennskap til ulike yrke og arbeidslivet sitt rekrutteringsbehov. Dette har gjort dei i stand til å yte ein betre yrkes- og karriererettleiing for elevane.

Økonomi

Det er sett av om lag 9,1 mill. kr. på ramme 47 i fylkeskommunen sin økonomiplan for 2014. Den enkelte skole er ein svært viktig arena for kompetanseutvikling. For å sikre og styrke satsingsområda for kompetanseutvikling er det viktig å gjere kvar enkelt skole ansvarleg for eigen utvikling, både som organisasjon og læringsarena for personalet.

Ein vil frå ramme 47 styrke skolane sine kompetansebudsjett slik at dei blir i stand til å sette i verk tiltak innafor både etter- og vidareutdanning.

Sentralt vil ein sette av kompetansemidlar til felles tiltak, konferansar, seminar, temasamlingar, skoleleiarsamlingar og til drifta av fagnettverka.